

# KULTURPOSTEN

## MARS 2019

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



*Radøy kommune fekk tildelt prisen som årets kulturkommune i Hordaland på møte i fylkestinget 5. mars. Frå venstre: fylkesordførar Anne Gine Hestetun, ordførar Jon Askeland, kommunestyrerepresentant Sara Sekkingstad Hamre, rådmann Jarle Landås og idrettsrådsleiar Bjørn Ove Myking.*



**RADØY**  
den grønne øya

## Aktuelle tilskotsordningar - Radøy kommune

### Driftsmidlar (kulturmidlar) til lag og organisasjonar

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar. Tilskotet skal dekkja driftsutgifter som administrasjon, leige av lokale, instruktørutgifter og andre løpande utgifter. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med med Bente K. hervik på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april.

### Tilskot til mindre kostnadskrevjande investeringar i kulturbygg og -anlegg

Det kan gjevast tilskot til:

- Investeringar i egne kulturbygg og -anlegg
- Kjøp av utstyr og materiell til egne kulturbygg og -anlegg

For meir informasjon og søknadsskjema sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med Bente K. hervik på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

Søknadsfrist er 30. april

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemmer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå [www.radoy.kommune.no/kulturmidlar](http://www.radoy.kommune.no/kulturmidlar), evt ta kontakt med Bente K. hervik på e-post [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no) eller på tlf. 56 34 90 12.

### Midlar til tilrettelegging av turstiar

I budsjettet for 2019 er det sett av midlar til tilrettelegging av turstiar. Lag og organisasjonar og privatpersonar som ynskjer å tilretteleggja ein eller fleire turstiar i Radøy kommune kan ta kontakt med Bente K. Hervik på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no).



*Ei av mange klopper/bruer som er bygd langs turstiar i Radøy kommune dei siste åra.*

# KULTURPOSTEN MARS 2019

## Informasjonsmøte om strandrydding

Me inviterer alle interesserte til informasjonsmøte om strandrydding og strandryddedagen 4. mai.

Møtet vert på rådhuset på Manger 8. april kl. 18.30-20.00.

## Informasjonsmøte for lag og organisasjonar

Me inviterer til informasjonsmøte for lag og organisasjonar i Radøy kommune 8. april kl. 20.00-21.30 på rådhuset på Manger.

Saker:

- Informasjon om tilskotsordningar og fristar
- Kultur- og aktivitetsprogrammet for Alver kommune
- Ymse

## Cato Plettens minnefond

Lag og einskildpersonar kan no koma med forslag på kandidatar til å få stipend frå Cato Plettens minnefond. Styret i minnefondet skal kvart år dela ut stipend til ein eller fleire unge talent innanfor dei ulike kulturaktivitetane som er i Radøy, anten som utøvar eller administrator/leiar. Vedkomande må bu i Radøy og vera 17 år eller yngre i tildelingsåret. Kvart stipend skal vera på mellom 2000 og 5000 kroner, og kandidaten skal nytta stipendet til vidareutvikling av talentet sitt.

Forslaga må innehalda namn på kandidaten, grunngjeving av forslaget og namn på forslagsstillar. Frist for innsending av forslag er 4. april 2018.

Send ditt forslag til Ordførar Jon Askeland, Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no).



*Stipendet frå Cato Plettens minnefond 2018 gjekk til Preben Friis Thomassen. På biletet ser me Preben saman med foreldra til Cato, Reidun og Helge Pletten.*



# KULTURPOSTEN MARS 2019

## Tilskotsordningar - private

### **Sparebanken Vest - Allmennyttige midlar**

Sparebanken Vest deler ut midlar til allmennyttige føremål Deira satsingsområde er oppvekst og utdanning, næring, idrett og kultur.

Søknadsfrist er 1. april.

For meir info, sjå [www.spv.no/skjema/allmennyttige-midler-soke-midler/prosjektinformasjon](http://www.spv.no/skjema/allmennyttige-midler-soke-midler/prosjektinformasjon)

### **Storebrand "Vi heier på"**

«Vi heier på»-konkurransen fordeler årleg økonomisk støtte til ulike samfunnsnyttige prosjekt i inn- og utland. Prosjekta skal vera prega av mot og evne til å tenka nytt og annleis, og vera til glede og nytte for initiativtakarane og dei prosjektet rettar seg mot. Søknadsfrist er 1. april.

[www.storebrand.no/om-storebrand/vi-heier-pa-konkurransen](http://www.storebrand.no/om-storebrand/vi-heier-pa-konkurransen)

### **Framgang sammen - Sbanken**

"Framgang sammen" støttar idear som gjer at barn og unge i Noreg ikkje opplever utanfor-skap. Dei støttar prosjekt som bidrar positivt til born og unge si utvikling og samfunnsintegrering. Målet er eit trygt og godt samfunn, der ingen born opplever å stå utanfor. Dei støttar heller fleire små enn nokre få store prosjekt. Neste søknadsfrist er 21. april 2019.

Les meir på: [sbanken.no/framgang-sammen/dette-gir-vi-stotte-til/](http://sbanken.no/framgang-sammen/dette-gir-vi-stotte-til/)

## Kulturkalenderen på Radøy kommune sine nettsider

Hugs å leggja inn ditt arrangement på kulturkalenderen på Radøy kommune sine nettsider: [radoy.kommune.no](http://radoy.kommune.no)! Arrangementa i Radøy kommune kjem på framsida til kommunen når det nærmar seg, og i tillegg vert alle arrangement lagt inn på ein felles kalender for heile Nordhordland.

Om alle som har små og store arrangement brukar kalenderen er det lettare å unngå kollisjonar mellom arrangement.



RADØY KOMMUNE  
Kultur- og sørvistorget